

Tal om tobakk

Rapport 26. juni 2025

Innhald

Kapittel 1 Innleiing og hovudbodskap	3
1.1 Innleiing	4
1.2 Hovudbodskap	5
Kapittel 2 Bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar	6
2.1 Røyking	7
2.2 Bruk av snus	10
2.3 Bruk av e-sigarettar/vape	13
2.4 Kombinert bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar	15
2.5 Bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar i ulike utdanningsgrupper	17
2.6 Debutalder for bruk av tobakk	20
2.7 Røykeslutt	21
Kapittel 3 Tiltak og førebygging	24
3.1 Registrerte stadar for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat	25
3.2 Tilsyn med sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat	26
3.3 Bevilling for innførsel, utførsel og produksjon av tobakksvarer og utstyr for tobakksproduksjon	27
3.4 Kampanjar	28
3.5 Slutta-appen	30
Kapittel 4 Metode	31
4.1 Individdata	32
4.2 Kommunedata	32
4.3 Registerdata	32

Sjå rapporten i digital utgåve, der er universell utforming tatt betre omsyn til enn i denne PDF-utgåva:

<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/tal-om-tobakk>

Kapittel 1

Innleiing og hovudbodskap

1.1 Innleiing

Denne rapporten, *Tal om tobakk*, presenterer bruksmønster for tobakksprodukt og e-sigarettar. Den viser også korleis bruken av desse produkta fordeler seg i befolkninga. Vidare presenterer rapporten tal for enkelte strukturelle tiltak og kampanjar.

Tobakksbruk har vore ein av dei viktigaste påverkelege risikofaktorane for sjukdomsbyrda, nasjonalt og internasjonalt, for både menn og kvinner ([Sykdomsbyrde i Norge \(fhi.no\)](https://fhi.no/sykdomsbyrde-i-norge)). Sjølv om andelen som røyker har gått mykje ned i Noreg dei siste tiåra, forklarar tobakksbruk framleis ein stor del av sjukdomsbyrda. Det er framleis nødvendig å redusere omfanget av bruken for å få ned tobakks- og nikotinrelaterte helseskadar i befolkninga. Det vil også gi helsegevinstar for kvar enkelt som bruker tobakksprodukt og e-sigarettar.

For å kunne arbeide målretta for å førebygge bruk av tobakk og nikotin i befolkninga, og dessutan å få fleire som allereie bruker desse produkta til å slutte, er det viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag. Denne rapporten vil bidra med statistikk som kan brukast i arbeidet med førebygging av tobakksrelaterte helseskadar.

Tal om tobakk er ei vidareføring av rapporten «[Tobakk i Norge](#)» (FHI), ei oppgåve som blei overført frå FHI til Helsedirektoratet i samband med omorganiseringa av den sentrale helseforvaltninga i 2024.

Rapporten vil bli oppdatert årleg med nye tal.

1.2 Hovudbodskap

Bruk og trendar

- Andelen som røyker dagleg har gått ned gjennom mange år, medan andelen som røyker av og til har lege omtrent på same nivå som i tidlegare år.
- Andelen unge som røyker av og til har auka dei siste åra, og var om lag 17 % i 2024. Auken har vore størst blant unge menn, der om lag 24 % røykte av og til i 2024.
- Bruk av snus i aldersgruppa 25 til 34 år har auka dei siste åra, særleg blant menn, der over 30 % brukte snus dagleg i 2024.
- Dagleg bruk av e-sigarettar/vape i befolkninga er stabilt låg. Samstundes har av-og-til-bruk av e-sigarettar auka dei siste åra i aldersgruppa 16 til 24 år. I 2024 var det om lag 10 % som brukte e-sigarettar av og til i denne aldersgruppa, om lag 13 % blant jenter og 8 % blant gutar.
- Bruk av snus og sigarettar i kombinasjon er den vanlegaste forma for dobbelbruk, og er mest utbreidd blant menn og yngre.
- Daglegrøyking og bruk av e-sigarettar, både dagleg og av og til, er mindre utbreidd blant dei med lengre utdanning, medan det ikkje er betydeleg samanheng mellom utdanning og bruk av snus.

Tiltak



- Dei vanlegaste brota på tobakksskadelova i 2023 var brot på forbodet mot synleg oppstilling av tobakksvarer og tobakksurrogat med 544 brot og manglar ved internkontrollen med 656 brot.
- I 2024 var det totalt 7616 salsstadar for tobakksvarer og tobakksurrogat. I 2025 var talet på salsstadar 7509.
- I 2025 var det 28 verksemder som hadde bevilling for innførsel av tobakksvarer, 8 verksemder som hadde bevilling for utførsel av tobakksvarer og 2 verksemder som hadde bevilling for produksjon av tobakksvarer.
- Tobakksforebyggjande kampanjar er eit viktig tiltak i saman med andre pedagogiske, juridiske og økonomiske verkemiddel. I etterkant av kampanjen "Generasjon Fri" er det fleir som seier at det er negativt å vere avhengig av nikotin, og dei som er avhengige seier dei er meir motiverte til å slutte. Kampanjar gir best effekt når dei er tilpassa målgruppa, målretta i rette kanalar og blir gjentatt over tid.

Kapittel 2



Bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar

2.1 Røyking

Daglegrøyking i befolkninga har gått ned i Noreg i heile perioden der dette er målt (1973 til 2024). Samtidig har forskjellen i daglegrøyking mellom kvinner og menn forsvunne i løpet av same periode ([Utbredelse av røyking i Norge, FHI, 2024](#)). Det er flest som røyker dagleg i aldersgruppene som er eldre enn 45 år.




Andelen som røyker av til har ikkje hatt den same nedgangen over tid som daglegrøyking. Den har lege på eit jamt lågare nivå med ein gjennomsnittleg førekomst på 8–12 % frå 1973 til 2024. Det har vore ei auke i av-og-til-røyking blant menn 16–34 år sidan 2018, og særleg blant unge menn 16–24 år, der andelen som røyker av og til har auka sidan 2012.




I 2024 oppgav i underkant av 8 % av både menn og kvinner at dei røykte dagleg. Omfanget av av-og-til-røyking var i 2024 omtrent på same nivå som i tidlegare år ([Utbredelse av røyking i Norge, FHI, 2024](#)), med omtrent 10 % blant menn og 6 % blant kvinner, 8,4 % totalt.

Det er store forskjellar i førekomensten av dagleg- og av-og-til-røyking mellom ulike aldersgrupper, med ein aukande trend for daglegrøyking og ein minkande trend for av-og-til-røyking med aukande alder. Blant 15–24-åringar oppgav 2,2 % at dei røykte dagleg i 2024, medan andelen blant 25–34-åringar låg på 3,2 %. Den høgaste andelen som røykte dagleg var i aldersgruppa 55–64 år, med 12,6 %.





For av-og-til-røyking er situasjonen motsett, og vi finn dei høgaste andelane i yngre aldersgrupper. Blant 16–24-åringar oppgav 17 % at dei røykte av og til, medan andelen blant 25–34-åringar var vel 12 %.





2.2 Bruk av snus


Andelen som bruker snus dagleg har auka sidan 2012 i alle aldersgrupper. Fleire menn enn kvinner bruker snus dagleg, og bruken er hyppigare blant dei under 45 år. Dagleg bruk av snus har sidan 2012 lege stabilt på rundt 15 % for kvinner og 25 % for menn i aldersgruppa 16 til 24 år, medan det har vore ein aukande trend i aldersgruppene 25 til 64 år, særleg blant menn.




Andelen som oppgir å bruke snus av og til har halde seg meir stabil dei siste 12 åra, og her er det mindre forskjellar mellom kjønna enn hos dei som bruker snus dagleg.



Medan røyking har gått ned i befolkninga dei siste tiåra, har bruken av snus auka (FHI, 2024). I 2024 oppgav vel 20 % av menn at dei brukte snus dagleg, medan i underkant av 6 % oppgav at dei brukte snus av og til. Blant kvinner var andelen som brukte snus dagleg nesten 10 %, medan 4,4 % brukte snus av og til.





Bruk av snus er mest utbreidd i aldersgruppa 25 til 34 år. I 2024 oppgav nesten 29 % i denne aldersgruppa å bruke snus dagleg, og 8 % oppgav å bruke snus av og til. I den yngste aldersgruppa (15–24 år) oppgav omtrent 21 % dagleg bruk og 9 % av-og-til-bruk av snus.




2.3 Bruk av e-sigarettar/vape

Den vanlegaste måten å bruke tobakksprodukt på i Noreg er å røyke eller bruke snus. Til samanlikning er det langt lågare andelar som oppgir at dei bruker e-sigarettar (også kalla "vape") dagleg eller av og til. Tala under gjeld både e-sigarettar med og utan nikotin.


Auken dei siste fire åra i bruk av e-sigarettar er spesielt stor hos jenter 16–24 år. Andelen som brukar e-sigarettar av og til har blant desse auka frå om lag 2 % i 2020 til 14 % i 2024. Hos gutar 16–24 år har andelen auka frå omtrent 3 % i 2020 til 7 % i 2024.



Blant menn oppgav 1,1 % at dei brukte e-sigarettar dagleg, medan 3,0 % brukte e-sigarettar av og til i 2024. Blant kvinner var andelen som oppgav dagleg bruk 1,6 %, medan 4,0 % oppgav å bruke e-sigarettar av og til.



Det var relativt liten forskjell mellom aldersgrupper når det gjeld dagleg bruk av e-sigarettar. Blant personar som oppgav av-og-til-bruk av e-sigarettar, var det langt meir utbreidd blant 15–24-åringar enn i høgare aldersgrupper. Denne aldersgruppa viser også ein stor auke i førekomsten av av-og-til-bruk av e-sigarettar.




2.4 Kombinert bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar

Dei fleste som bruker tobakksprodukt eller e-sigarettar bruker berre eitt produkt, men i 2024 var det likevel ein stor andel som oppgav å bruke to eller tre produkt.


Blant menn som bruker tobakksprodukt og/eller e-sigarettar oppgav over 16 % at dei brukte både snus og sigarettar. Av desse oppgav 3–4 % kombinasjonar av enten e-sigarettar og sigarettar, e-sigarettar og snus, eller e-sigarettar, sigarettar og snus.

For kvinner var den vanlegaste kombinasjonen e-sigarettar og sigarettar, ein type dobbelbruk som blei oppgitt av over 9 % av dei som brukte tobakks- eller nikotinprodukt. Det var om lag 7 % som oppgav at dei brukte både snus og sigarettar.



*bruker to eller tre ulike tobakksprodukt og/eller e-sigarettar dagleg eller av og til


Å bruke meir enn eitt produkt var vanlegare i den yngste aldersgruppa i følgje tal frå Rus- og tobakksundersøkinga i 2024. Dei største forskjellane i bruk mellom dei ulike aldersgruppene var for kombinasjonen av snus og røyk, og det å bruke alle tre produkta.



*bruker to eller tre ulike tobakksprodukt og/eller e-sigarettar dagleg eller av og til


2.5 Bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar i ulike utdanningsgrupper

Røyking er meir utbreidd blant dei med kortare utdanning (blant dei som er 25 år eller eldre), og er ein viktig faktor som bidreg til sosial ulikskap i helse. Tal frå 2024 viser at bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar er meir utbreidd blant personar med kortare utdanning enn blant dei med lengre. Ein høgare andel blant dei med grunnskule eller vidaregåande skule rapporterer at dei røyker dagleg (høvesvis 14,3 og 11,4 %) samanlikna med dei som har universitetsutdanning (4,1 %). Det å røyke av og til er jamt fordelt mellom utdanningsgruppene, der andelen ligg på om lag 7 %.




Det er mindre forskjellar mellom utdanningsgruppene i andelen som oppgir bruk av snus, sjølv om det også her er noko mindre bruk blant dei med lengre utdanning. Mellom 15 og 16 % av dei med grunnskule eller vidaregåande skule oppgir å bruke snus dagleg, medan tilsvarende andel blant dei med universitetsutdanning er 12,6 %.


I alle utdanningsgrupper er det mindre vanleg å bruke snus av og til enn å røyke av og til. Blant dei med grunnskule oppgir 3,3 % at dei bruker snus av og til, medan tilsvarende tal for dei med vidaregåande skule og universitetsutdanning er høvesvis 4,4 og 4,7 %.



Også bruk av e-sigarettar er meir utbreidd blant dei med kortare utdanning. Blant dei med grunnskule oppgir 3,3 % at dei bruker e-sigarettar dagleg, mot 1,5 og 0,6 % blant dei med høvesvis vidaregåande skule og universitetsutdanning. Det er meir utbreidd å bruke e-sigarettar av og til enn dagleg. Av-og-til-bruk er mindre vanleg blant dei med lengre utdanning; om lag 2 % blant dei med vidaregåande skule og universitetsutdanning oppgir av-og-til-bruk, medan om lag 4 % blant dei med grunnskule oppgir dette.



I tillegg til at det er høgare andelar som bruker dei ulike tobakksprodukt og e-sigarettar blant dei med kortare utdanning, er det fleire (av tobakks- og nikotinbrukarane) i denne gruppa som bruker meir enn eitt produkt. Dette kan mellom anna komme av at fleire av dei med grunnskule er yngre (og enno ikkje har fullført utdanningsløpet sitt), og bruk av fleire produkt er meir vanleg blant dei yngre.



*bruker to eller tre ulike tobakksprodukt og/eller e-sigarettar dagleg eller av og til

2.6 Debutalder for bruk av tobakk

I 2024 var gjennomsnittleg alder for debut av daglegrøyking* 17,5 år. Det var små kjønnsforskjellar.

For regelmessig** bruk av snus var gjennomsnittleg debutalder 24,7 år, og kvinner starta i gjennomsnitt eitt år seinare enn menn (25,3 år mot 24,4 år).

Dersom ein ser spesielt på kvinner i aldersgruppa 45–79 år var gjennomsnittleg debutalder for regelmessig bruk av snus oppgitt å vere 42,2 år, og 17,8 år for debut av daglegrøyking. For menn i denne aldersgruppa var gjennomsnittleg debutalder for regelmessig bruk av snus oppgitt å vere 34,6 år, medan gjennomsnittleg debutalder for daglegrøyking var oppgitt til 17,6 år.

* Spørsmålet blei stilt berre til dei som oppgav å røyke dagleg nå eller hadde røykt dagleg tidlegare.


** Spørsmålet i undersøkinga er: «Kor gamal var du då du begynte å bruke snus regelmessig?» og blei stilt dei som oppgir å bruke snus dagleg eller av og til nå, eller har brukt snus tidlegare.

2.7 Røykeslutt

Av dei som røyker dagleg oppgav 82 % at dei hadde forsøkt å slutte minst éin gong, og 28,3 % hadde forsøkt å slutte i løpet av dei siste 12 månadene.


Blant dei som tidlegare hadde røykt dagleg, var den mest brukte sluttemetoden å bruke snus. Det var om lag 41 % som oppgav at dei brukte snus som hjelpemiddel då dei slutta. Snus som sluttehjelpemiddel var meir vanleg blant menn (51 %) enn blant kvinner (29 %).

Mange av dei som prøvde å slutte å røyke nytta andre metodar som ulike nikotinlegemiddel, for eksempel nikotinplaster eller nikotintyggegummi, og e-sigarettar.



*blant dei som tidlegare hadde røykt dagleg


Blant dei som hadde forsøkt å slutte med daglegrøyking, men utan å lykkast, var den vanlegaste metoden ved siste røykeslutforsøk bruk av nikotinlegemiddel og e-sigarettar. Ein høg andel hadde også brukt snus som sluttemetode.




*blant dei som har forsøkt å slutte med daglegrøyking, men utan å lykkast

Det er viktig å merke seg at ein svært høg andel både blant dei som lykkast og dei som ikkje lykkast med å slutte å røyke, ikkje brukte nokon av metodane det blei spurt etter. Det er derfor uklart om denne gruppa brukte ein annan metode, eller slutta eller prøvde å slutte utan bruk av hjelpemiddel.

Bruk av ulike sluttehjelpemiddel for vellykka røykeslutt (daglegrøyking), varierer med alder. Blant dei under 45 år er snus som sluttehjelpemiddel langt meir brukt enn blant dei på 45 år og eldre. Når det gjelder slutforsøk som ikkje lykkast, er e-sigarettar meir brukt blant dei under 45 år enn dei på 45 år og eldre, medan dei eldre i større grad bruker nikotinlegemiddel.



*blant dei som tidlegare hadde røykt dagleg



*blant dei som har forsøkt å slutte med daglegrøyking, men utan å lykkast

Kapittel 3

Tiltak og førebygging

3.1 Registrerte stadar for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat

Alle som sel tobakksvarer og -surrogat frå ein fysisk utsalsstad skal vere registrert i *Tobakkssals- og bevillingsregisteret (TBR)*. E-sigarettar er det vanlegaste tobakkssurrogatet.

Tabellen nedanfor viser tal på utsalsstader i 2024 og 2025.

Antal salsstadar i fylka

Fylke	Per 1. mai 2024	Per 1. mai 2025
Oslo	860	855
Rogaland	608	602
Møre og Romsdal	442	445
Nordland	491	479
Østfold	353	329
Akershus	662	656
Buskerud	368	360
Innlandet	674	661
Vestfold	272	270
Telemark	305	292
Agder	529	515
Vestland	940	941
Trøndelag	647	636
Troms	283	296
Finnmark	179	169
Svalbard	3	3
Totalt	7616	7509

Kjelde: Tobakkssals- og bevillingsregisteret

3.2 Tilsyn med sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat

Kommunane fører tilsyn med salsstadar for tobakksvarer og tobakkssurrogat som er registrert i TBR. Sysselmeistaren fører tilsyn på Svalbard. Kvar salsstad skal kontrollerast minst éin gong årleg, og kommunen skal årleg utføre minst to gonger så mange tilsyn som det er salsstadar i kommunen.

Tilsynsordninga tredde i kraft 1. januar 2018.

Regelbrot på tobakksskadeloven

Formålet med tilsynet er å kontrollere at salsstadane følger reglane som gjeld for sal av tobakksvarer og tobakkssurrogat. Tilsynet skal særleg hindre sal av tobakksvarer og -surrogat til mindreårige.

Tabellen nedanfor viser at det i 2023 blei avdekt 1314 regelbrot knytt til sal av tobakksvarer og -surrogat. Sannsynleg forklaring på dei lågare tala av brot i 2020 og 2021 kan vere pandemiltak.

Antal avdekka regelbrot på tobakksskadelova 2018–2023

År	Regelbrot
2018	1692
2019	1187
2020	512
2021	705
2022	1311
2023	1314

Kjelde: Kommunane sin forvaltning av tobakksskadelova, Helsedirektoratet.

Dei vanlegaste regelbrota var brot på forbodet mot synleg oppstilling av tobakksvarer og tobakkssurrogat med 544 brot i 2023 og manglar ved internkontrollen med 656 brot. Sjå tabellen nedanfor for alle typar regelbrot.

Type regelbrot på tobakksskadelova, i 2023

Type regelbrot	Antal kommunar	Antal regelbrot
Synleg oppstilling av tobakksvarer og tobakkssurrogat	61	544
Manglar ved internkontrollen	57	656
Brot på reklameforbodet	24	47
Sal til mindreårige	2	3
Sal av ulovleg importerte varer	1	1
Andre typar brot	15	63

Kjelde: Kommunane sin forvaltning av tobakksskadelova, Helsedirektoratet.

Reaksjonar

Kommunen kan setje i verk fleire typar reaksjonar for brot på tobakksskadelova sine reglar om sal av tobakksvarer og -surrogat. Av 93 kommunar som rapporterte om brot i 2023, var det 50 kommunar som fatta vedtak om retting eller tvangsmulkt (903) og éin kommune som ila salsforbod (éin gang).

3.3 Bevilling for innførsel, utførsel og produksjon av tobakksvarer og utstyr for tobakksproduksjon

Tobakkssals- og bevillingsregisteret gir også oversikt over verksemdene som har bevilling for å innføre, utføre og produsere tobakksvarer og utstyr for tobakksproduksjon. Det er Helsedirektoratet som gir bevilling til verksemdene.

Ulovleg handel med tobakksvarer utgjør en alvorleg trussel mot folkehelsa, då den aukar tilgjengelegheita til billigare tobakksvarer og undergrev politikken som myndigheitene fører for å førebygge tobakksskadar. Ulovleg handel medfører også betydelege avgiftstap for staten og bidrar til finansiering av internasjonal kriminalitet. Bevillingsordninga, som ble innført i 2021, er eit av fleire tiltak for å styrke kontrollen til myndigheitene med omsetningskjeda for tobakksvarer.

Antal tobakksbevillingar

Type bevilling	Per 1. mai 2025
Innførsel	28
Utførsel	8
Produksjon	2

Kjelde: Tobakkssals- og bevillingsregisteret

3.4 Kampanjar

Helsedirektoratet har lang tradisjon med å gjennomføre nasjonale tobakkskampanjar for å førebygge og redusere røyking, og etter kvart også bruk av snus, i befolkninga.

I 2024 gjennomførte Helsedirektoratet sin første nikotinførebyggande kampanje. Bakgrunnen for kampanjen var ei auka bekymring for bruken blant unge av særleg e-sigarettar (vape), men også røyk og snus.

Det kreative konseptet «[Generasjon fri](#)» skulle balansere mellom det informative og det emosjonelle med innhald som motiverer målgruppa til å ikkje la seg styre av nikotin, men heller vere fri frå avhengigheit og helseskadar av røyk, snus og vape.

Alle kampanjar Helsedirektoratet gjennomfører er kunnskapsbaserte og bygger på eit breitt innsiktsarbeid frå blant anna kvalitative og kvantitative undersøkingar, medianalysar, dokumentanalysar og eksisterande forskning.

Evaluering

Kampanjeevalueringa blei gjennomført med tal frå:

1. Spørjeundersøking før og etter kampanjen (såkalla pre- og posttest) blei gjennomført av Mindshare på oppdrag frå Helsedirektoratet, for å kartlegge bruk og haldningar om nikotin, sigarettar, snus og vape – og for å avdekke merksemd rundt kampanjen. Det blei gjennomført 500 intervju med personar i alderen 15–25 år, med webpanel som metode. Datafangst gjennom Norstat.
2. Medietal (antal visningar, klikk, fullføringsrate, CPM – Cost Per Mille) innhenta av Mindshare i kampanjeperioden uke 21–26.
3. Besøktal frå ung.no ble henta ut september 2024

Resultata frå kampanjeevalueringa av Generasjon Fri viste mellom anna at:

- Kampanjen fekk høgare merksemd i målgruppa enn andre kampanjar frå Helsedirektoratet. 41% oppgav å ha sett eitt eller fleire kampanjeelement, medan gjennomsnittleg merksemdsrate for Helsedirektoratet er 38 %. Merksemda var høgast i aldersgruppa 15–19 år.
- Brote ned på kanal fekk kampanjen følgande antal visningar:
- Snapchat: 6 935 590, TikTok: 5 526 280, YouTube: 1 625 751, Twitch: 1 128 246, kino: 639 870
- Det var 48 % som oppgav at kampanjen har motivert dei til å la være å bruke produkt som inneheld nikotin. Blant dei som bruker nikotinprodukt oppgav 25 % at kampanjen motiverte dei til å bli fri frå nikotin.
- Om lag halvparten av dei spurde meinte kampanjefilmen var vennleg og engasjerande.
- 67 % meinte kampanjen fekk tydeleg frem at nikotin kan påverke hjernen hos unge negativt, mens 74 % meinte kampanjen kommuniserer at det er godt å være fri frå avhengigheit.
- Det var om lag 16 % som oppgav at dei blei meir motivert til å søke meir informasjon om temaet på ung.no (som var landingsside for meir informasjon om temaet i kampanjen). Signifikant fleire blant dei yngste oppgav dette, som er særleg den målgruppa Helsedirektoratet har retta seg mot.
- Den nyoppretta artikkelen om [nikotin på ung.no](#) hadde 50 282 unike sidevisningar i mai–juli 2024.

Resultat frå før- og ettertest av kampanjen (undersøking om kunnskap og haldningar knytt til røyk, snus og vape, i høve kampanjen Generasjon Fri)

Påstand	Andel som svarte dette før kampanjen (%)	Andel som svarte dette etter kampanjen (%)
Eg er einig eller helt einig i at å <i>røyke av og til</i> gir auka risiko for helseskadar	87	91
Eg er einig eller helt einig i at det å <i>snuse dagleg</i> gir auka risiko for helseskadar	87	91
Eg er einig eller helt einig i at det å <i>snuse sjeldan</i> gir auka risiko for helseskadar	47	54
Eg er einig eller helt einig i at det å <i>vape av og til</i> gir auka risiko for helseskadar	68	78
Eg er einig eller helt einig i at det å <i>vape sjeldan</i> gir auka risiko for helseskadar	45	52
Å vere avhengig av nikotin er noko eg <i>aldri vil bli</i>	53	60
Å vere avhengig av nikotin er <i>flaut</i>	22	28


3.5 Slutta-appen

Denne rapporten, *Tal om tobakk*, presenterer bruksmønster for tobakksprodukt og e-sigarettar. Den viser også korleis bruken av desse produkta fordeler seg i befolkninga. Vidare presenterer rapporten tal for enkelte strukturelle tiltak og kampanjar.

Tobakksbruk har vore ein av dei viktigaste påverkelege risikofaktorane for sjukdomsbyrda, nasjonalt og internasjonalt, for både menn og kvinner ([Sykdomsbyrde i Norge \(fhi.no\)](https://fhi.no/sykdomsbyrde-i-norge)). Sjølv om andelen som røyker har gått mykje ned i Noreg dei siste tiåra, forklarar tobakksbruk framleis ein stor del av sjukdomsbyrda. Det er framleis nødvendig å redusere omfanget av bruken for å få ned tobakks- og nikotinrelaterte helseskadar i befolkninga. Det vil også gi helsegevinstar for kvar enkelt som bruker tobakksprodukt og e-sigarettar.

For å kunne arbeide målretta for å førebygge bruk av tobakk og nikotin i befolkninga, og dessutan å få fleire som allereie bruker desse produkta til å slutte, er det viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag. Denne rapporten vil bidra med statistikk som kan brukast i arbeidet med førebygging av tobakksrelaterte helseskadar.

Tal om tobakk er ei vidareføring av rapporten «[Tobakk i Norge](#)» (FHI), ei oppgåve som blei overført frå FHI til Helsedirektoratet i samband med omorganiseringa av den sentrale helseforvaltninga i 2024.



Kapittel 4

Metode

4.1 Individdata

Bruk og bruksmønstre

Rus- og tobakksundersøkinga blir gjennomført årleg av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Helsedirektoratet. Denne undersøkinga kartlegg bruken og vanane til befolkninga knytt til tobakksprodukt og e-sigarettar, alkohol og andre rusmiddel. Undersøkinga vart gjennomført første gang i 2012.

Det er 8000 vaksne som blir invitert til å delta i rus- og tobakksundersøkinga, og det er om lag 4500 av desse som svarar på undersøkinga. Utvalet er landsrepresentativt og i alderen frå 16 til 79 år. Frå 2024 blir undersøkinga gjennomført som ei «mixed mode»-undersøking der om lag halve utvalet svarer på ei sjølvadministrert webundersøking og om lag halvparten blir intervjuet over telefon. Les meir i dokumentasjonsrapporten på SSB sine nettsider: Rus- og tobakksundersøkinga 2024 (ssb.no)

Resultata frå denne undersøkinga blir presentert i kapittelet om bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar.

Kjelda til tala som er presenterte om utvikling over tid i bruk av tobakksprodukt og e-sigarettar er Røykevaneundersøkinga til SSB.

Kampanjeevaluering

I samband med kampanjeevaluering gjennomfører Helsedirektoratet undersøkingar for å kartlegge målgruppa bruk av og haldningar til nikotin, sigarettar, snus og vape – samt for å avdekke merksemd og oppfatning av kampanjen.

Desse undersøkingane er gjennomført i et webpanel (CAWI) av Norstat via Mindshare på vegne av Helsedirektoratet, i perioden uke 18–19 (før kampanjen) og uke 27–29 (etter kampanjen) i 2024. Utvalet består av 500 intervju av personar i alderen 15–25 år, brote ned på kjønn, alder og landsdel.

4.2 Kommunedata

Årleg blir undersøkinga «Kommunane sin forvaltning av tobakksskadelova» gjennomført i alle kommunane i landet (av Opinion på oppdrag frå Helsedirektoratet). Denne undersøkinga hentar inn data om forvaltninga av tobakksskadelova i kommunane, som registrerte brot på lova. Undersøkinga er gjennomført årleg sidan 2018, og svarprosenten er på om lag 95 %.

4.3 Registerdata

Tobakksals- og bevillingsregisteret (TBR) gir oversikt over fysiske salsstadar som har rett til å selje tobakksvarer og tobakksurrogat i Noreg. Det er verksemdene sjølv som er ansvarleg for å registrere seg og halde opplysingane ved like i registeret. Dersom ei verksemd har fleire salsstadar, må alle salsstadane registrerast. Formålet med registeret er å gjere det mogleg for kommunane å føre tilsyn med salet av tobakksvarer og tobakksurrogat.

TBR gir også oversikt over verksemdar som har rett til å innføre, utføre og produsere tobakksvarer og utstyr for tobakksproduksjon. Det er Helsedirektoratet som gir løyve til verksemdene.